



Djønne Modul AS  
Hylkjelia 6  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2379 - 15/21162

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.06.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 137/25

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.06.15.

Søknad gjeld tilbygg av HWC og kvilerom for å avhjelpe elev ved Alversund skule, tiltaket er opplyst å ha eit bygd areal (BYA) på om lag 64 m<sup>2</sup> og bruksareal (BRA) på om lag 54 m<sup>2</sup>.

Tilbygget vil verte arbeidsstad for støttepersonale for eleven og reinhaldspersonale, søknaden må difor sendast arbeidstilsynet for deira handsaming.

Vi gjer merksam på at som følgje av at tiltaket krev uttale frå anna mynde so er det her snakk om ei 12-vekerssak.

Vi gjer vidare merksam på at om de ynskjer å dele opp søknaden og søke om rammeløyve i påvente av arbeidstilsynet sin handsaming so har de høve til det. Kommunen kan gje rammeløyve på vilkår om at det ikkje vert gjeve løyve til igangsetting før tilhøva med andre mynde er i orden jf. pbl § 21-5, 1.ledd, 2 punktum.

### Planstatus

Eigedomen er omfatta av arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023, og er sett av til offentleg føremål. Vidare er området omfatta av reguleringsplan - Alversund trafikksikring (planid 1263-200908, detaljregulering, vedtak 02.12.2009). Området er i nemnde reguleringsplan sett av til offentleg føremål. Kommuneplanen har ingen bestemmelser som omhandlar oppføring av bygg på areal avsett til offentleg føremål.

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringskravet i kommuneplanen.



## Teikningar

Motteke teikningar syner ikkje gangtilkomst til tilbygget. Snitt-teikningar syner ikkje gesimshøgde på tilbygget. Situasjonsplan er ikkje påført minsteavstand til vegmidte.

## Ansvarsrettar

Det er ikkje søkt om ansvarsrett for obligatorisk uavhengig kontroll for våtrom og lufttettleik, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 23-7. De kan evt. søkje om fritak med omsyn til at det er tilbygg til eksisterande bygning jf. pbl § 31-2.

## Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må sendast Arbeidstilsynet, det må ligge føre vedtak frå nemnde før saka kan ferdighandsamast, evt. kan søknad delast opp.
2. Teikningsgrunnlaget må oppdaterast og målsettast med tanke på høgde på ferdig golv, minsteavstand til grense og vegmidte FV404. Vidare må gangtilkomst/rampe til tilbygget synast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.08.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

## Med helsing

Tor Hegle  
Avdelingsleiar byggesak

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Lindås kommune - eigedomsavdelinga Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

## Mottakarar:

Djønne Modul AS

Hylkjelia 6

5109

HYLKJE